

Beskjedar:

Vi ønskjer Adrian velkommen til 2A! Adrian var på besøk onsdag førre veke og klassen tok godt imot han. På måndag har han sin første skuledag og vi gler oss til å bli kjend med han. 😊

Vi har hatt ei fin veke der vi mellom anna har laga ballongbilar. Det vart mange gode bilar og nokre som ikkje gjekk like bra. Elevane våre fekk kjenne på ulike kjensler, men var gode på å unne andre sigeren i den store finalen.

Vi var også på ein fin førestilling om Astrid Lindgren sine karakterar. Elevane storkoste seg!

Vi har begynt å kartlegge leseferdighetene til elevane våre. Vi bruker ein test som heiter ORF. Med denne testen får vi ein peikepinn på korleis utviklinga til elevane våre er, slik at vi kan justere og setje inn tiltak der det trengs.

Måndag 10. mars blir det turdag for 2A. To elever frå Meland Ungdomskule har invitert oss til ein økt med leik og aktivitetar som ein del av faget *Innsats for andre*. Vi går når skulen startar og kjem tilbake til storefri. Hugs å kle seg etter været.

Minner om klasseforeldremøtet i samarbeid med FAU, **tysdag 18. mars**.

Ha ei fin veke, helsing 2. trinn.



Øveord veke

11

kompass
dyrespor
kart

Ny veke og nye ord. Alle skal øve på å skrive og forme orda riktig. Vi kjem til å ha ein diktat der elevane skal brukhaorda i ei meiningsfull setning. Vi øver spesielt på riktig høgd på bokstavane. Vi ser at fleire treng å øva på å skriva bokstavane riktig. Dei aller fleste små bokstavane, startar ein på opp. Fint om de hjelper heime. Når det er få ord å øva på er meiningsa først å fremst å skriva bokstavar og ord riktig i tillegg til å automatisera orda.

Dette jobbar vi med denne veka:

NORSK	<p>Ut på tur</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eg bruker biblioteket for å finne bøker eg kan lese i for å auke lesekondisen. • Eg øver vidare på ei funksjonell handskrift. • Eg veit kva ei funksjonell handskrift er. • Eg er nøyde på kor eg startar når eg skal skrive bokstavane.
MATTE	<p>Rekning til 100</p> <ul style="list-style-type: none"> • Eg kan telje til 100 • Eg kan dele mengder i tiarar og einarar • Eg kan samanlikne ulike mengder • Eg øver på å hoppe med ulike talfølgjer på tallinje
SOSIALT	<ul style="list-style-type: none"> • Eg øver med på å setje ord på ulike kjensler. • Eg støttar vene når dei treng meg. • Eg held orden rundt meg i klasserommet og i garderoben.

	Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
NORSK	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 40 og 41. Svar på spørsmålet på s. 41 i den grøne skriveboka di.	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 40 og 41. Øv på å lese med flyt. Repetert lesing hjelper med å få til flyt. Øv godt!	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 44 og 45.	Les ★ ☽ eller ☀ på s. 45 og 45. Øv på å lese med flyt. Repetert lesing hjelper med å få til flyt. Øv godt! Skriv øveorda i finskriftboka di. Du skal skrive eit ord fleire gonger på same linje. Nytt ord, ny linje.
MATTE			Gjer s. 81 og 82 i Multi øvebok.	
Hugs:			Levere inn meldemappe og leksebøker.	Hugs gymsko og symjetøy.